

# Erasmus+ jobbskygging

Dublin, Irland  
18.05.23 – 25.5.23

# Innhold

<b>Føremål og deltakere .....</b>	<b>3</b>
<b>Dagsplan over oppholdet.....</b>	<b>4</b>
<b>Om International Literature Festival Dublin (ILFD).....</b>	<b>5</b>
<b>Dag 1 og 2: 17.- 18.mai–Reisedager.....</b>	<b>11</b>
Observasjon.....	12
Læringsmål .....	13
<b>Dag 3: Fredag 19.mai – Festivalen opnar .....</b>	<b>14</b>
Observasjon.....	14
Første dag av ILFD – opningsdag .....	14
Læringsmål .....	19
<b>Dag 4: Laurdag 20. mai – ILFD.....</b>	<b>20</b>
Observasjon.....	20
Læringsmål .....	24
<b>Dag 5: Søndag 21.mai - ILFD .....</b>	<b>25</b>
Observasjon.....	25
Læringsmål .....	27
<b>Dag 6: Måndag 22.mai – ILFD.....</b>	<b>28</b>
Observasjon.....	28
Læringsmål .....	30
<b>Dag 7: Tysdag 23.mai - ILFD.....</b>	<b>31</b>
Observasjon.....	31
Læringsmål .....	35

<b>Dag 8: Onsdag 24.mai – ILFD .....</b>	<b>36</b>
Observasjon.....	36
Læringsmål .....	37
<b>Dag 9: Torsdag 25. mai –ILFD og heimreisa.....</b>	<b>38</b>
Observasjon.....	38
Læringsmål .....	40
<b>Avslutning .....</b>	<b>41</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>42</b>

## Føremål og deltakarar

Anitha Ramsdal og Kristine Thorkildsen frå Sveio folkebibliotek reiste til Dublin for å jobbskygge og observera under International Literature Festival Dublin (ILFD). I forkant hadde me fått tildelt vaktar, men fekk fleire undervegs. Kristine var i tillegg ein del av «The social media Team». Som ein del av temaet skulle ho ta bilete under festivalen og senda inn til ein felles chat på WhatsApp. Der redigerte Hillary Dziminski materialet ho fekk inn.

Me besøkte 2 offentlege bibliotek i tillegg til festivalen. Dei to biblioteka Blackrock bibliotek og Dún Laoghaire bibliotek er 2 av åtte filialar som ligg i fylket Dún Laoghaire-Rathdown. Me var også kort innom Pearse Street library og Central library (lå i Ilac shopping Centre) i Dublin sentrum under opphaldet. Dei var ikkje ein del av avtalen.

Dette observerte me:

- Kva formidlingskompetanse dei har og korleis dei brukar ny teknologi i aktivitetar og formidlingstilbod
- Korleis dei har utvikla nye tenester og om dei har nådd nye målgrupper gjennom samarbeid med andre.
- Få idear til å auke den pedagogiske kompetansen på Sveio folkebibliotek for å betre formidla våre tilbod og formidla samlinga vår.

Læringsmål:

Auke formidlingskompetansen, korleis bli betre på aktiv formidling, bli betre på sosiale medier, online formidling og podcast.

Bileta i rapporten: der ikkje anna er nemnt, er bilete i rapporten anten private og tilhøyrar rapportforfattarane, eller henta frå <https://ilfdublin.com/>


## Dagsplan over opphaldet

Dag	Stad
<b>Onsdag 17/5</b>	Reiste frå Sveio/Stord til Bergen. Overnatta på Scandic hotell Kokstad grunna tidleg avgang dagen etter.
<b>Torsdag 18/5</b>	Reiste frå Flesland via Aberdeen til Dublin Besøkte Blackrock library
<b>Fredag 19/5</b>	ILFD festivalopning
<b>Laurdag 20/5</b>	ILFD
<b>Søndag 21/5</b>	ILFD
<b>Måndag 22/5</b>	ILFD Besøkte biblioteket på Trinity college(Dublin) der «The book of Kells» er.
<b>Tysdag 23/5</b>	ILFD Besøkte biblioteket dlr LexIcon, Dún Laoghaire, Dublin.
<b>Onsdag 24/5</b>	ILFD
<b>Torsdag 25/5</b>	ILFD Fekk med oss slutten på prisutdelinga. Besøk på offentlege bibliotek i Dublin Reiste heim Dublin – Flesland – Sveio/Stord.
	<b>Totalt 9 dagar</b>

# Om International Literature Festival Dublin (ILDF)



Festivalleiar: Aimée van Wylick



Kart over ruta frå leiligheita vår til Merrion Square, henta frå google.com/maps

Nettside: <https://ilfdublin.com/>

International Literature Festival Dublin is a programme of the City Arts Office, part of the Culture, Recreation & Economic Services Department of Dublin City Council (Chief Executive Owen P. Keegan, Assistant Chief Executive Richard Shakespeare). The work of the Arts Office is made possible by the support of the Lord Mayor of Dublin, Caroline Conroy and the members of Dublin City Council.

Styret for ILFD:

Mary MacSweeney (DCC CRES Unit), Ray Yeates & Sinéad Connolly (DCC Arts Office), Mairead Owens (DCC Libraries), Leslie Moore (DCC Parks)

Festival Director & Producer: Aimée van Wylick

Literature & Ideas Programmer: Sasha de Buyl

Family & Children's Events Programmer: Janet Smyth

Communications & Digital Media: Hillary Dziminski

Artist Liaison & Administrator: Aoibh Manning

Volunteer Coordinator: Adriana Ribeiro

Public Relations: Hive Agency

Graphic Design: Dog and Pony

Bluestop CLG is the company appointed to manage payments on behalf of International Literature Festival Dublin which is a Dublin City Council initiative. Bluestop CLG trades as International Literature Festival Dublin.

International Literature Festival Dublin is a Dublin City Council initiative, kindly supported by The Arts Council and Dublin UNESCO City of Literature.



Me fekk ein e-post der dei søkte om frivillige. Me satt oss opp på dei dagane me kunne:

#ILFDublin #OpenCall

## Be part of ILFD23!

International Literature Festival Dublin is seeking proposals for its 2023 programme edition around the opened theme of friction.

Scientists believe that friction is the result of the electromagnetic attraction between charged particles in two touching surfaces. This suggests that friction can be the energy of attraction that makes things slow down and grip.

International Literature Festival Dublin welcomes all kinds of proposals that bring tension, distortion and counter-current into the flow of things. We are especially interested in concepts that break away from the traditional literary event format, this year, we will look for ideas that are rooted in performance, experience, or activity as a vehicle for generating new ways of presenting the artform of literature.

Click the button below to read the complete curatorial callout and submit your proposal by 12:00 noon March 10th 2023.

[Apply Here](#)

Please complete the following table, indicating days/times you are available. If you are partially available for a time range given, please tick the relevant box. Please feel free to tick multiple boxes per day.

	09:00 - 13:00	13:00 - 17:00	17:00 - 21:00	19:00 - 23:30
Fri 19 May	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Sat 20 May	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Sun 21 May	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Mon 22 May	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Tue 23 May	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Wed 24 May	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



Adriana Ribeiro vår frivilligkoordinator.

Her er dei skifta me fekk fyrste dagen (me fekk fleire undervegs) av Adriana Ribeiro, som var koordinatoren for dei frivillige:

PLEASE ARRIVE 45/60 MINUTES BEFORE YOUR SHIFT					
DAY	TIME	EVENT	Q&A / BOOK SIGNING	LOCATION	ROLE
Fri, 19 May	10:00 - 11:00	Lindsay Galvin Rediscovered the <i>Titanic</i>	Yes	Syngje	Usher
Sat, 20 May	10:00 - 10:45	Paul Linnet's Supertato Saves the Day	Yes	Syngje	Usher
Sat, 20 May	14:00 - 16:30	National Drawing Day with Ashwin Chacko	No	National Gallery of Art	Roaming
Mon, 22 May	10:15 - 11:15	Francesca Simon's Very Bad Vikings	Yes	Speranza	Usher

Her er kort oversikt over alle arrangement me var med på. Ikkje alle var som frivillige. Nokon bestemte me oss sjølv for å gå på og betalte vanleg billett.

Me var på 25 arrangement. 19 av arrangementa me gjekk på var offentlege og open for alle. 6 av arrangementa var kun for skular. Åtte av dei 25 arrangementa gjekk me kvar for oss.

Anitha var åleine på desse arrangementa:

20.05.23 kl. 12.00 Looking Well: Brian Dillon & Wendy Erskine

20.05.23 kl. 18.00 The Stinging Fly at 25: Editors interview

21.05.23 kl. 11.00 Zine Zon: A word is worth 1000 picture With Orla King

Kristine var åleine på desse arrangementa:

19.05.23 kl. 10:00 Lindsay Galvin Rediscover the Titanic. (Skuleprogrammet)

20.5.23 kl. 10:00 Paul Linnet's Supertato Saves the Day

20.05.23 kl. 12:15 Embodying the Creative Edge

20.05.23 kl. 14.00 National Drawing Day with Ashwin Chacko

21.05.23 kl. 14:00 Ursula K. Le Guin: Sowing Worlds

Program over arrangement me deltok på under ILFD

Dei offentlege arrangementa me deltok på som var open for alle.

FRI 19 MAY

FESTIVAL MAIN FICTION

A Mother's Loaf: Sophie Mackintosh

FRI 19 MAY / 18:00

FESTIVAL MAIN FICTION

Fire & Freedom: Kirsty Logan & Anya Bergman

FRI 19 MAY / 20:15

SAT 20 MAY

FESTIVAL KIDS & FAMILY

Paul Linnet's Supertato Saves the Day (kun Kristine)

SAT 20 MAY / 10:00

FESTIVAL KIDS & FAMILY INTERACTIVE

The Happiness Collectors

SAT 20 MAY / 11:30

FESTIVAL FRINGE POETRY – observerte når oraklet gjekk rundt med tromma si.

Osaro: Poetry Oracle

SAT 20 MAY / 12:00

FESTIVAL FRINGE POP-UP

Reading The Cards: Pop Up Tarot – Observerte tellet, men våga ikkje å bli spådd.

SAT 20 MAY / 12:00

FESTIVAL MAIN TALK

Looking Well: Brian Dillon & Wendy Erskine (kun Anitha)

SAT 20 MAY / 12:00

FESTIVAL FRINGE TALK

Embodying the Creative Edge (kun Kristine)

SAT 20 MAY / 12:15

FESTIVAL KIDS & FAMILY NATIONAL DRAWING DAY

National Drawing Day with Ashwin Chacko (kun Kristine)

SAT 20 MAY / 14:00

FESTIVAL FRINGE INTERACTIVE

Making a Masterpiece: National Drawing Day. Observerte dei når dei satt å teikna under tellet.

SAT 20 MAY / 14:00

FESTIVAL MAIN LAUNCH

The Stinging Fly at 25: Launch of Summer 2023 Issue (kun Anitha)

SAT 20 MAY / 20:30

SUN 21 MAY

FESTIVAL FRINGE WORKSHOP

Zine Zone: A Word is Worth 1000 Pictures with Orla King (kun Anitha)

SUN 21 MAY / 11:00

Ursula K. Le Guin: Sowing Worlds (kun Kristine)

SUN 21 MAY / 14:00

FESTIVAL MAIN FICTION

Bodies of Work: Giovanna Rivero, Kirsty Logan & Sheila Armstrong

SUN 21 MAY / 18:00



MON 22 MAY

FESTIVAL MAIN CRIME

Queens of Crime: Catherine Ryan Howard, Claire Allan & Jane Casey

MON 22 MAY / 20:00

TUE 23 MAY

FESTIVAL FRINGE WORKSHOP

Zine Zone: Fill in the Blanks with Orla King (kun Anitha)

TUE 23 MAY / 17:00

WED 24 MAY

FESTIVAL FRINGE INTERACTIVE

Yoga in the Park with The Space Between

WED 24 MAY / 13:00

FESTIVAL MAIN POETRY

Late Lyrics: Nick Laird & Zaffar Kunial

WED 24 MAY / 20:15

THU 25 MAY

FESTIVAL MAIN AWARDS

2023 Dublin Literary Award Ceremony. Me kom på slutten og fekk mingle med nokre av forfattarane.

THU 25 MAY / 12:00

**Me var på 6 skuleprogram i tillegg til det offentlege programmet:**

19.05.23 kl. 10:00 - Lindsay Galvin Rediscover the Titanic. (Skuleprogram)


22.05.23 kl. 11:15 – Francesca Simon’s Very Bad Vikings (Skuleprogram)

22.05.23 kl. 11:45 - Face your Nemeswiss with Paul Howard (Skuleprogram)

23.05.23 kl. 10:00 - Be the Belle of the ball with Tatyana Feeney (Skuleprogram)

25.05.23 kl. 11:00 – Finding Blackbeard’s Treasure with Iszi Lawrence (Skuleprogram)


25.05.23 kl. 11:30 – Lucy Kelly-Desmond’ Light in the Dark (Skuleprogram)



WHAT'S ON

**Lindsay Galvin Rediscovered the Titanic**

FRI 19 MAY / 10:00



SCHOOLS

**Face Your Nemeswiss with Paul Howard**


MON 22 MAY / 11:45



SCHOOLS IN-PERSON

**Finding Blackbeard's Treasure with Iszi Lawrence**


THU 25 MAY / 11:00



SCHOOLS

**Be the Belle of the Ball with Tatyana Feeney**

TUE 23 MAY / 10:00



SCHOOLS THU 25 MAY

**Lucy Kelly-Desmond's Light in the Dark**

THU 25 MAY / 11:30

## Dag 1 og 2: 17.- 18.mai–Reisedagar



### Dag 1:

Kl. 12:00 - Kristine drog i full fart til Bergen for å oppretta eit nødpass. Me skulle mellomlanda i Aberdeen. Dei er ikkje med i EU, så då kunne ho ikkje bruka det gyldige ID-kortet, men måtte ha pass. Anitha kom seinare på kvelda til hotellet, då ho hadde eit pass som var gyldig.

### Dag 2:

Kl. 06:00 Flesland

Kl. 07:40 Fly frå Bergen

Kl. 11:25 Dublin

Kl. 17:30 Film Club – Blackrock library

Me tok fly frå Bergen til Dublin via Aberdeen. Me hadde bestilt turen hos Supersaver. Dei hadde gjort noko feil, slik at berre Anitha

fekk sjekka inn. Heldigvis var det ein dyktig mann som fiksa billetten.

Me drog til festivalparken etter at me hadde installert oss i leilegheita i Beckket Locke i North Wall Avenue. Leilegheita ligg nordaust for parken Merrion Square kor ILFD hadde arrangementa sine. Det tok oss 30 minutt å gå og 30 minutt å ta «the pram» (trikken). Me fekk kjøpt eit trikkekort som varte i 7 dagar til ca. 340,-. Då kunne me ta tog og trikk. Kortet het «the Leap card».

Sidan festivalen ikkje var starta, så besøkte me Blackrock library. Der jobbar Hayley Reynolds. Det var ho som var grunnen til at me ville reisa til Dublin. Kristine har møtt ho på Erasmus+ kontaktseminar i Bergen (mai 2019) og i Polen, Warszawa (oktober 2019). Dessverre har Hayley vore i morspermisjon, så planen om å vere på jobbskygging over fleire dagar på biblioteket, blei byta ut med eit kort opphald på Blackrock bibliotek, Dún Laoghaire bibliotek og ILFD.



Foto: Hayley Reynolds i Bergen (2019). Ho er nr. 8 frå venstre. Kristine nr. 1 frå venstre.

## Observasjon

### Blackrock bibliotek

Nettside: <https://libraries.dlrcoco.ie/using-your-library/find-your-library/blackrock>

På Blackrock bibliotek deltok me på filmklubb for vaksne med dialog i etterkant. Hayley som er bibliotekassistent der, introduserte filmen og styrte dialogen i etterkant. Det var filmen «White Material». Filmen var ganske mørk med mange inngonger til dialog i etterkant. Det kom 20 stykk og dei sat spredt rundt i forskjellige stolar og sofa. Rommet hadde ei dør dei kunne lukka til resten av lokalet. Det var 2-3 menn og resten kvinner. Det var alle aldra blanda med ein hovudvekt på 50+. Dei prata som om dei kjente kvarandre fordi dei rakk ikkje opp handa. Samtalen berre gjekk rundt i rommet utan at nokon snakka i munnen på kvarandre. Hayley skaut inn nokre kommentarar og heldt dialogen igong.



Film Club for voksne på Blackrock bibliotek. Hayley Reynolds sit heilt fremst.

## Her er info om arrangementet tatt frå nettsida:

*Film Club for Adults*

*Thurs 18 May, 5.30pm*

*To book, email [blackrocklib@dlrcoco.ie](mailto:blackrocklib@dlrcoco.ie) or Tel (01) 288 8117*

*Join us to watch a classic or undiscovered gem followed by a group discussion. The film for May is White Material directed by Claire Denis. Maria Vial is a struggling French coffee producer in an unnamed French-speaking African country, who decides to stay at her coffee plantation in spite of an erupting civil war.*

Me fekk også tid til å gå rundt i biblioteklokalet og det fyrste som slo oss var kor mange lydbøker på CD dei hadde. Det var det fyrste du såg når du kom inn i biblioteket. Det var også mange filmar på CD. Dei hadde sjølvbetent slik som oss, men namnet på lånaren stod på ein papirlapp som alle kunne sjå.

## Læringsmål

Måten Hayley haldt dialogen i gong på ein naturleg måte var inspirerande. Ho såg alle og når nokon snakka nikka ho eller svarte stadfestande. Å visa film vil vere ein fin måte å reklamera for vår nye teneste Filmoteket. Ved å visa filmar frå denne tenesta og introdusera korleis dei også kan bruka den, vil me nå ut til fleire. Samstundes er det eit flott kulturelt tilbod på biblioteket der fleire generasjonar møtast.

Informasjonen blei lagt ut på felles nettside for alle biblioteka i fylket (Dublin fylke). Blackrock har eiga Facebookside.

Det var overraskande at dei hadde så mange lydbøker og filmar, så det er tydeleg at brukarane lånar desse media framleis.

# Dag 3: Fredag 19.mai – Festivalen opnar

Kl. 10:00 - Lindsay Galvin Rediscover the Titanic. (Skuleprogram)

Kl. 18:00 - A Mother's Loaf: Sophie Mackintosh (Vigdis Hjorth skulle vore der, men var tatt av plakaten før festivalen opna.)

Kl. 20:15 - Fire & Freedom: Kirsty Logan & Anya Bergman

## Observasjon

### Fyrste dag av ILFD – opningsdag

Fyrste dagen var me overvelda av den flotte parken som romma ein heil festival. Dei kalte den for «Festival village». Det var to store telt med vegger (The Synge og Speranza) og to mindre telt utan vegger (Le Fanu og Byzanthium). Det var ein bar med sitteplassar som var inngjerda og 6 foodtrucks. Etter kvart arrangement blei publikum oppmoda å gå til Festivalbutikken å kjøpa boka til forfattaren, så dei kunne få autografen. Dette gjaldt skuleprogrammet og vanleg festivalprogrammet. Dei hadde også noko kjekt som lese-sone der det var fluktstolar med logoen til festivalen på stoffet. Ein bokbuss sto også på området. Ved den eine inngongen var billettkontoret og der me melde oss til teneste som frivillige.

Rundt i byen hang store flagg med logoen til festivalen. Det var plassert brosjyrar for festivalen rundt på dei lokale biblioteka. Når me fortalde at me skulle på denne festivalen, så var det ikkje så mange vanlege folk som taxisjåføren, hotelltilsette og servitørane som visste om festivalen.

Brosjyren var iaugefallande og sprek av utsjåande. Det var delt inn i vanleg program og skuleprogram. Arrangementsinfo var oversiktleg og tydeleg kven det passa for, kva det kosta og kort info om kva som skulle skje. Flotte bilete av forfatarane gjorde det fristande til å ville sjå dei i røynda. På dei fyrste sidene hadde dei plukka ut høgdepunkta som gjorde det enklare for dei som berre ville sjå det viktigaste.

Havhesten som er logoen var på framsida av brosjyren. Flott logo som var lett å kjenna igjen. Havhesten er også brukt mykje i dekorasjon, statuar o.l. rundt i Dublin. Det er også meint å visa til den delen av hjernen med det latinske namnet hippocampus. Den delen er med på å forma korleis me ser verda på. Sånn er det jo når me les bøker. Dei forma og endrar korleis me oppfattar verda.

Før alle arrangement starta skulle me møte i sekretariatet/billettkontoret 45-60 minutt før det byrja. Fyrste dagen var me 1 time før. Elles møtte me 45 minutt før. Når arrangementa var ferdig så brukte me tid på å rydda og vere der når forfattaren skreiv autografar. Det kunne ta ca.30 minutt. Så ca. 2 timar pr. arrangement måtte me rekna med.

Me fekk utdelt ein vest og oppdraga var enten plassvisar eller billettkontrollør. Me hjalp også til med å senda mikrofonen rundt til dei som hadde spørsmål i publikum.



Oversikt over ILFD festivalparken.

## Kl. 10:00 - Lindsay Galvin Rediscover the Titanic. (Skuleprogram)



**Type :**  
In-Person

**Date :**  
Fri 19 May

**Time :**  
10:00

**Venue :**  
Synge - Merrion Square  
Park

**Age Suitability :**  
9-12

**Price :**  
€4

**BOOK IN-PERSON EVENT**

- ➡ Author Lindsay Galvin will hold budding historians enthralled with insights from her detailed research into the *Titanic*. In a presentation that offers a fresh take on the historic tragedy, discover a new story laced with friendship and mythology...and even a legendary sea creature!
- 📍
- 📖
- 👤 Sid is proud to be working on the famous ship, *Titanic*, while Clara is a stowaway on the much smaller boat, the *Carpathia* with a dog called Rigel. When disaster inevitably strikes, it'll take all of their courage and ingenuity to survive.

Lindsay Galvin was raised to love stories, music, and the magic of the sea. She is the author of *Darwin's Dragons* and *The Secret Deep*. She has a degree in English Language and Literature and teaches Science.

Please note this is a designated school's event.

**Duration** 60mins  
**Class** 4th – 6th  
**Curriculum** PLC, SE (His)  
**Language** English

I byrjinga av festivalen fekk Anitha og eg forskjellige oppdrag. Eg starta dagen fyrst med å høyra om Titanic.

Lindsay var ein kvikk og engasjert dame. Ho snakka energisk med eit høgt tempo. I bakgrunnen var ein stor skjerm som dekkja heile scena der ho viste bilete frå boka. Når ho snakka kom det jamt bilete på skjermen som understreka det ho snakka om. Som tilskodar var det mykje interessant om Titanic eg lærte på den korte stunda. Ho fortalte at sjølv om historia var oppdikta, så var det meste sant. Ho hadde brukt lang tid på å lesa seg opp og prata med folk før ho skreiv boka. Ho hadde blant anna besøkt ein Newfoundland hund når ho førebudde seg på boka. Newfoundland hunden Rigel har ein rolle i boka der den blir brukt til å redde menneskjer opp frå sjøen. Hunderasen blir framleis brukt til å redde liv i sjøen.

Ungane var engasjerte og etter at ho var ferdig fekk dei spørja spørsmål. Det var mange flotte spørsmål som bar preg av at dei var vant med å spørja ein forfattar. Eg hørte aldri spørsmålet som ofte går igjen her heima: «Kor mykje tener du?». Det var litterære spørsmål, tema frå boka og om korleis ho jobbar.

Etter arrangementet sat ho seg ved inngangen å signerte bøker. Noen kjøpte bøker av ho i bokbutikken på festivalområdet og andre hadde bok med seg heimanfrå. Ho pratet litt med alle som kom opp til ho.






Janet Smyth (til venstre) introduserer arrangementa for barna. Sasha de Buyl introduserer arrangementa for vaksne.

Før alle program for vaksne blei introduksjonen gjort av Sasha de Buyl. Janet Smyth introduserte arrangementa for barna. Sasha takka alltid for alle samarbeidspartnarane som har sponsa festivalen, så introduserte ho forfattarane. Janet hadde ein kortare introduksjon der ho hovudsakleg introduserte forfattarane.

## Kl. 18:00 - A Mother's Loaf: Sophie Mackintosh

Vigdis Hjorth skulle vore der, men var tatt av plakaten før festivalen opna av ukjent årsak.)

Under: Sophie Macintosh blir intervju av Mia Gallagher.



Sophie Macintosh vart intervju på scena av Mia Gallagher. Dei sat i kvar sin stol med logoen til festivalen bak seg. Flott PR-triks som gjorde at logoen var med om du tok bilete av dei på scena. Det ga også liv til scena.

Me fekk høyra om boka og korleis Sophie jobba med boka. Det er alltid spanande å høyra røysta til ein forfattar. Ein får lyd til det forfattaren skriv. Det er også mykje kommunikasjon på det forfattaren ikkje seier og det som blir sagt.

## Kl. 20:15 - Fire & Freedom: Kirsty Logan & Anya Bergman



Dette arrangementet var det meir energi i. Mykje på grunn av at her var det to forfattarar, men det var også ein anna energi over sjølve forfattarane. Dei blei intervjuet av Sarah Maria Griffin som er irsk poet, lagar podcast (Juvenalia) og skriv fanziner (Zines – Sarah Maria Griffin).

Me kjennar ikkje nokon av ei på scena, men får ein kjensle av at intervjuaren er kul og har ein aura av kjendis over seg. Det er som om du er på fest å står i den kule gjengen og lyttar til ein samtale. Kirsty fortel mykje om seg sjølv, men Anya seier også litt om sitt privatliv. Som publikum sit me igjen med kjensla av at dei er meir opptatt av heksar i Skottland enn i Noreg. Anya fortel at ho har budd i Vardø nokre år. Då fekk ho vite om heksejakta i Noreg. Skotten John Cunningham var lensherre frå 1619 til 1651 i Finnmark. Han hadde særleg ansvar for at hekseprosessen blei vridd meir mot kvinner og auka i antal.

Det er interessant å høyra om to bøker om heksar der den eine er oppdikta univers og den andre prøver å halde seg til historiske fakta med oppdikta personar.



Kirsty Logan og Anya Bergman blir intervjuet av Sara Maria Griffin.

# Læringsmål

Måten dei promoterer festivalen og korleis ILFD tar over ein heil park i 10 dagar er høg grad av aktiv formidling. Nokre går gjennom den til jobb/skule, nokre bur rundt i området og andre brukar den til rekreasjon. Alle desse får denne festivalen føre nesa si. Nokon fortset med det dei skal gjere, men alle har blitt oppmerksom på at her kan eg gå om eg vil høyra forfattar og finna gode bøker å lesa. Du kan kjøpa bøkene der og då, men du kan også finna dei på biblioteket etterpå. Bokbussen på festivalområdet var berre for demonstrasjon. Det hadde vore fin måte å få lånt ut bøker på. Det var nok viktig for festivalen å få selt bøkene, så eit bibliotek på området ville kanskje skada salet.

Det var mykje å læra av korleis Lindsay Galvin brukte den store skjermen bak seg. Det var god timing og gode illustrasjonar/bilete som passa med formidlinga.

Sophie Macintosh hadde ein meir roleg og sjølvstøtt meir vaksen måte å visa seg til publikum. Intervjuaren var den som haldt regien med små spørsmål og kommentarar. Ho byrja intervjuet med ein fin introduksjon av Sophie. Det var godt for oss som ikkje visste kven ho var.

Det å ha to forfattarar som Kirsty Logan og Anya Bergman ga eit høgare tempo på bokbadinga. Når den eine snakka fikk den andre tid til å tenkje på svaret. Det blei også meir dynamisk energi i samtalen mellom tre stykk. Dette er noko som er verdt å ta med seg når me skal ha arrangement med forfattarar.

# Dag 4: Laurdag 20. mai – ILFD

Desse arrangementa observerte me, men deltok ikkje sjølv:

- The Happiness Collectors
- Osaro: Poetry Oracle
- Reading The Cards: Pop Up Tarot
- Making a Masterpiece: National Drawing Day

Desse arrangementa deltok me på:

Kl. 10:00 - Paul Linnet's Supertato Saves the Day (kun Kristine)

Kl. 12:00 - Looking Well: Brian Dillon & Wendy Erskine (kun Anitha)

Kl. 12:15 – Embodying the Creative Edge (kun Kristine)

Kl. 14:00 - National Drawing Day with Ashwin Chacko (kun Kristine)

Kl. 20:30 – The Stinging Fly at 25: Launch of Summer 2023 Issue (kun Anitha)

## Observasjon

Under festivalen skjedde det stadig ting rundt på festivalområdet. Det var fire arrangement me berre observerte kort:

**The Happiness Collectors:** eit barneprogram der barna tok på seg høyretelefonar og fekk ein historie som fortalte korleis dei kan sanke lykke, når dei har for lite lykke og korleis dei kan gje den vidare. Dette var ein form for fysisk teater og lyd som gjorde at du levde deg inn i historia. Det var veldig gøy å sjå kor engasjerte dei var. Dei måtte ta med sine egne høyretelefonar.

**Osaro:** Poetry Oracle var litt skummel synast me, men spanande. Der fekk du kome inn i teltet og der ville ho hjelpa deg å setja ord på kjenslene dine. Artig måte å gjere dikt meir kult og kanskje inspirere til å laga dikt sjølv.

**Reading The Cards:** Pop Up Tarot Her brukte dei Tarot kort for å bli betre kjent med deg sjølv. Som det står i programmet: "tarot is a time-honoured tool for gaining insight and clarity by using your own intuition to interpret the deeper meaning behind the symbolism."

**Making a Masterpiece: National Drawing Day**

Brushes at the ready! Celebrate National Drawing Day with a pop-up paint party in the park where you'll create a masterpiece your own to take home and hang on the wall.



**Making a Masterpiece: National Drawing Day:**

Det var tydeleg at den nasjonale teiknedagen var noko dei markerte i Dublin. Dette arrangementet føregjekk under eit av dei opne telta, så ein kunne sjå dei som malte/teikna. Det såg så kjekt ut å sitja saman med mange å teikna. Som tilskodar tenkte eg at det var fint at noko du vanlegvis gjer åleine var mogleg å gjere med andre også.

**Kl: 10:00 - Paul Linnet's Supertato Saves the Day (kun Kristine)**

Paul Linnet var ein veldig proff entertainer. Det var som å vere på eit show som hadde alt.

**Paul Linnet's Supertato Saves the Day**


Author and illustrator Paul Linnet takes you on an adventure full of music, stories, and live drawing – with the help of the tastiest tato in town, Supertato!



Han bevegde seg rundt i heile teltet. Måten han brukte den store skjermen var gøy. Han hadde morosame bilete av seg sjølv og kona i badekaret med alle bøkene dei hadde skrive saman (ho var illustratør). Han spelte gitar og fekk ungane til å syngja. Her var det mykje latter og sprø påfunn.

### Looking Well: Brian Dillon & Wendy Erskine

Art and beauty suffuse our everyday lives. As Brian Dillon and Wendy Erskine remind us, what matters is how we look at the world around us.



### Kl. 12:00 - Looking Well: Brian Dillon & Wendy Erskine (kun Anitha)

Det er viktig å ha vakre ting rundt seg som gjer dagen lettare og betre. Her var det kunst i litteratur som var i fokus. Dette var eit typisk bokbad, ein som leiar arrangementet og dei to på scena som svarar på spørsmål, litt diskusjon og spørsmål frå publikum.


### Kl. 12:15 – Embodying the Creative Edge (kun Kristine)

Dave og Máirín frå The Space Between (The—Space Between | Yoga | Meditation | Hot Yoga | Events | Dublin (thespacebetween.ie)) Inviterte oss til å sitja på putar inne i teltet Byzanthium. Dette teltet hadde berre tak og ein slags stråmatte som golv. Me fekk utdelt eit hefte med tittelen «Embodying the Creative Edge». I løpet av arrangementet utforska me forskjellige kreative prosesser. Dei fortalte litt om korleis nervesystemet vårt fungerte og korleis me kan trenna oss opp til å tørre meir og føle meir. Me skulle fyrst kjenna på vår eiga grense her-og-no, så skulle me strekkja den forbi komfortsonen vår. Dei snakka også om å leika meir i grensa mellom kaos og orden.

Instruktørane var veldig behageleg å høyra på. Dei var veldig tilstede og det blei litt dialog mellom dei og publikum. Fin oppleving rundt kl. 13 på ein laurdag.



Dave og Máirín frå The Space Between.



## Kl. 14:00 - National Drawing Day with Ashwin Chacko (kun Kristine)




Nasjonal teiknedag med Ashwin Chacko.

Ashwin var ein sympatisk forfattar/illustratør som hadde teikneverkstad inne på National Gallery of Ireland. Der blei deltakarane inspirert av samlinga for så å teikna ilag med Ashwin. Dette var eit samarbeid med National Gallery of Ireland.

Indiske Dublinbaserte Ashwin er opptatt av publikum skal finna sin indre gnist og bruke kreativiteten sin.

Eg hjalp til å gjere klar teiknebrett og dela dei ut med gråblyant og fargestiftar til. Her var det godt oppmøte med barn og foreldre.

## Kl. 20:30 – The Stinging Fly at 25: Launch of Summer 2023 Issue (kun Anitha)



Eit interessant arrangement der magasinet The Stinging Fly var tema. Magasinet er viktig for unge ukjente skribentar som endå ikkje har fått eit namn innan litteraturverda kan få trykt ei novella. Dei fem på scena hadde alle fått drahjelp frå magasinet. Dei snakka om erfaringa og kor viktig magasinet var for deira karriere. Det var eit «lydhøyr» publikum, då over halvparten var unge skribentar/forfatterar. Det fekk eg veta fordi dei hadde handsopprekning. Det var mange spørsmål frå salen og god diskusjon etter

arrangementet var ferdig. Eg oppfatta at dette var eit viktig arrangement for dei som vil ha noko på trykk i eit magasin som blir lest og lagt merkje til.

Dette arrangementet var laga i samarbeid med magasinet The Stinging Fly (The Stinging Fly - New Writers, New Writing).

# Læringsmål

På laurdagen var veldig mykje som skjedde ute på festivalområdet, men det var også mange arrangement i telta. Det å samla så mange litterære arrangement på ein plass er genialt. Nokon er nøgd med eit arrangement, medan andre vil få med seg fleire. Å vere på ein bilfri plass med korte avstandar er supert. Dei fire arrangementa som me kort observerte berre ved å gå rundt på festivalområdet gjer at publikum går heim med kjensla av å ha opplevd mykje på kort tid. Ein får også fleire smakebitar som gjer at neste gong veit du kva det er. Då veit du om dette er noko du har lyst å vere med på eller ikkje.

Det å bruka høyretelefonar i formidlinga var nytt for oss. Me kan bruka ein lydbok, eller lesa inn noko sjølv på førehand. Å ta i bruk teknikken kan skape ein ny dimensjon av litterær oppleving saman med andre. Å vere ute gjev publikum ein større plass til å utfalde seg. Det er også fin måte å få ungane ut i frisk luft å få leika. Det å vere fysisk når ein høyrar ein historie er ein fin måte å få trim på både dei vaksne som var med og barna.

Poetry Oracle og Tarotlesinga er begge aktivitetar som kan gje ein person meir innsikt om seg sjølv. Det er kanskje ikkje noko me ville prøvd om ein ikkje var der for eit litterært arrangement. Eller nokon har alltid drøymt om å prøva det, men det har vore utilgjengeleg.

Å feira den nasjonale teiknedagen saman med andre gjev oss høve til å vere ein del av noko. Samfunnet opplev meir og meir einsemd og då er det viktig å skapa sosiale arenaer der folk kan treffast. Alle arrangementa under festivalen er eigentleg plassar kor menneskjer treffast i motsetning til at ein sit heima åleine å les ei bok eller teiknar.

Denne laurdagen har me sett alt frå ein forfattar som laga show av boka si til arrangement der det er du som skal gjere noko aktivt sjølv. Det å aktivisera publikum gjer at ein kan skapa nysgjerrigheit til å utvikla ein eigenskap eller talent til å ville ta tak i seg sjølv å bli ein betre utgåve av seg sjølv. The Stinging Fly var eit flott tiltak for skribentar og forfattarar til å få drahjelp til karrieren, men sjølv arrangementet var eit høve til å utveksla erfaring og få kontakt med andre i same situasjon. Folkebibliotek kan ha informasjon om kven som skriv eller har lyst å skriva. Ein workshop eller føredrag om kreativ skrivning kunne samla nokon av dei som er interessert og det kan få synergi-effekt av at nokon får kontakt og kan treffast i etterkant.



# Dag 5: Søndag 21.mai - ILFD

Kl. 11:00 Zine Zone: A Word is Worth 1000 Pictures with Orla King (kun Anitha)

Kl. 14:00 - Ursula K. Le Guin: Sowing Worlds (kun Kristine)

Kl. 18:00 - Bodies of Work: Kirsty Logan, Giovanna Rivero & Sheila Armstrong

## Observasjon

### Kl. 11:00 Zine Zone: A Word is Worth 1000 Pictures with Orla King (kun Anitha)

Workshop: 20 personar som ville bruke søndagen sin til å lage ei bok med collage, Orla King lærte oss å lage ei bok av eit enkelt papir, klypp og brett, deretter var det klypp og lim. Dette var for vaksne, eit aktivt arrangement, enkelt lagt opp. Papir, saks, lim og mange magasin, gamle bøker osb. som ein kunne klyppe i.

**Type :**

In-Person



Discover the joy and creativity of zine making with zine queen Orla King who has all the tools you need to cut, paste, and produce your very own publication.



**Date :**

Tue 23 May 2023



In this fill-in-the-blanks session, you'll take a well-known poem or piece of prose and



transform it into something new and uniquely you. Whether you're new to the world of zines or a seasoned pro, this workshop is perfect for all levels.



**Time :**

17:00

**Venue :**

Workshop Space - Merrion Square Park

**Age Suitability :**

16+

**Price :**

€15


**Orla King** is a visual designer working across print, 3D, photography, video, risograph and animation. Her work focuses on translating analogue design techniques and processes into the digital sphere. Recent projects include identity design for noise making technology workshop *Synthesize\_Her\_*, football scarves for Project Arts Centre, and facilitating a DIY zine workshop during the 2022 Trinity Arts Festival.

## Kl. 14:00 - Ursula K. Le Guin: Sowing Worlds (kun Kristine)



James Hudson intervjuar So Mayor og Clara Kumagai om kva forhold dei har til Ursula Le Guin. Det var tydeleg at både intervjuaren og dei som blei intervjuar var inspirert av denne science fiction forfattaren. Dei snakka om kva verk som gjorde mest inntrykk og korleis det forma deira karriere. Det blei lest frå forskjellige bøker som Le Guin hadde skrive.

## Kl. 18:00 - Bodies of Work: Kirsty Logan, Giovanna Rivero & Sheila Armstrong



Likar du å lesa om psykisk terror, så var dette eit arrangement for deg. Det var herleg å høyra dei tre forfattarane snakka om forfattarskapet sitt og om kvarandre sine bøker. Dei blei intervjuar av Deirdre Sullivan. Dei var veldig forskjellige som typar då dei kom frå Bolivia, Irland og Skottland. Imponert over kor flinke intervjuaren og dei som blir

intervjuet klarar å halde på dialogen utan å snakka i munnen på kvarandre. I bakgrunnen hadde dei festivallogoen på den store skjermen.

## Læringsmål

Zine Zone er ein super workshop som vil vere noko me ikkje har gjort før. Sveio folkebibliotek har Agnes Ravatn som har utgitt fanzinen «Ikke til hjemlån» (ja, du leste rett: på bokmål.). Kanskje me kunne spurt ho om idear eller om ho kunne vere med på ein slik workshop. Uansett er det ein flott måte å bruka litteratur for så å laga det til noko eiga. For dei som ikkje veit kva fanzine er, så er det enkelt sagt: Ein publikasjon ofte svart/kvitt laga med kopimaskin, men kan vere i fargar. Det er fans av musikk eller litteratur som skriv noko om dei som dei er fan av. Det er idealister som ikkje tek seg betalt for utgivinga. Begrepet kjem frå science-fiction-miljøet på 1940-talet.

Arrangementet der dei snakka om Ursula Le Guin, visar at ein treng ikkje berre snakka om nye bøker og nolevande forfattarar. Det er vel så interessant å dra fram og revitalisere døde forfattarar gjennom aktuelle nolevande forfattarar. Både So Mayor og Clara Kumagai kjem med nye bøker i 2023. Dei snakka ikkje om sine eigne bøker så mykje, men i programmet står det tittel på deira nye bok og når den kjem ut i 2023. Så om dei ikkje direkte har fått promotert boka si, så har alle dei tusenvis av brosjyrane og info rundt arrangementet på nettsida reklamert for dei. Samt at dei får visa seg fram for publikum med sitt vesen og stemme. Dette kan inspirera publikum til å ha lyst å lesa noko av det dei skriv for å bli enno betre kjent med dei. Det å bli bevisst synergiene til det enkelte arrangement er viktig formidlingskompetanse.

Under arrangementet “Bodies of work”, fekk me sjå ein flink intervjuar i arbeid. Me observerte kor saumlaust samtalen gjekk. Det er også tydeleg at dei tre på scena har fått snakka litt i forkant fordi dei ofte refererte til at «som me snakka om før me kom inn». Bak teltet var noko dei kalla Green Room. Dette rommet er ein plass kun dei som skal opptre på festivalen får tilgang til. Her sosialiseras det og dei førebur seg på kommande arrangement. Det er ingen hemmelegheit at forfattaryrket er eit einsamt yrke. Av den grunn er mange forfattarar glad når dei får treffe andre forfattarar.



Til venstre: James Hudson på veg ut frå Green Room til scena på Speranza.

Til høgre: Paul Linnet står med koordinator Janet Smyth utanfor Green Room til The Synge. Legg merkje til at glaset er «sota». Det er ein plass me aldri kom til. Kanskje ein anna gong...



Green Room kan for nokon forfattarar opplevast som ein lita oase. Der kan dei kan få litt påfyll og utveksla erfaringar. Green Room er eit uttrykk frå musikkbransjen der det er eit rom kor inviterte gjester får møte artistane. Utan at eg veit korleis dette rommet blir brukt under ILFD, så kan det vere at andre gjester enn berre forfattarane får også ta del i dialogane.

## Dag 6: Måndag 22.mai – ILFD

Kl. 11:15 Terrible Troublesome Vikings with Francesca Simon (Skuleprogram)

Kl. 11:45 Face your Nemeswiss with Paul Howard (Skuleprogram)

Kl. 20:00 Queens of Crime: Catherine Ryan Howard, Claire Allan & Jane Casey

### Observasjon

Kl. 11:15 – Francesca Simon's Very Bad Vikings (Skuleprogram)



Francesca var den forfattaren me gleda oss mest til å treffe på førehand og ho skuffa ikkje, men overraska over at ho var så myndig og tøysete på same tid. Ho hadde godt grep om publikum og ga dei ordentlege svar når dei spurte ho om noko. Som mange forfattarar så delte ho litt av sitt private liv. Ho var tydeleg stolt over sonen som var skrankeadvokat. Ein kan jo lura på kor han har arva snakketøyet frå.

Francesca Simon på scena med sine herlege illustrasjonar laga av Steve May.

Å treffa ein forfattar som kjem frå eit anna land og er ganske kjent blir litt surrealistisk. Plutseleg får du ein stemme på det du berre har lest til no.


Francesca var veldig hyggeleg og morosam. Det fekk Anitha erfare då ho rydda vekk bøkene ho skulle signera. Då svarte Francesca «Typical you Viking's. Robbing other people.».



Våre kjekke kollegaer på ILFD.

Dei frivillige fekk testa ut billettregistreringsmaskina under arrangementet til Francesca Simon. Det var ein mobiltelefon som var festa på eit stativ som skulle gjere den enklare å halde. Me brukte QR-scannaren frå ein app på mobilen for å registrera. Inni appen kunne me også finna publikum via den som hadde bestilt billetten.

## Kl. 11:45 - Face your Nemeswiss with Paul Howard (Skuleprogram)



Paul Howard (til venstre) brukte ikkje den store skjermen bak seg, men han hadde med seg tre ekte ostar i ein koffert som lukta forferdeleg ifølgje Paul sjølv. Me fekk ikkje lukta, men me trudde han. Han fortalde om kona som oppmoda han til å skriva om ost sidan han er så glad i ost. Han var flink å formidla på ein morosam måte. Dette var formidling «unplugged». Heilt enkelt med han som sto på talarstolen og hadde manus. Sjølv om han hadde manus, så løftet han blikket og snakka til publikum.

## Kl. 20:00 Queens of Crime: Catherine Ryan Howard, Claire Allan & Jane Casey



Tre sterke kvinner skriv spanande psykologiske triller. Edel Coffey intervjuar dei. Det var tydeleg at ei av damene var meir kjende enn andre, noko dei tulla med på scena. Det var ein leikande lett tone.

Dei snakka om kor forskjellige dei var når dei skreiv. Ei av dei var

veldig introvert og andre var ekstrovert. Ei fortalte at ho slett ikkje ville bli krimforfattar, men genren berre tvang seg fram. Ho ville eigentleg skriva morosame bøker, men det var ikkje så lett.

Edel Coffey var flink å intervjuje og ho lot intervjuobjekta skinne på scena. Det blei som om eg sat i stua med dei å lytta til samtalen som ein god venninne. Det var ope for spørsmål etterpå.

## Læringsmål

Etter å ha høyrte på Francisca Simon googlet me ho. Det viste seg at ho har ein flott nettside som fortel meir om ho og bøkene ho har skriva (Francesca Simon | Author | Horrid Henry series | children's books |). Det ligg også ein god del YouTube-klipp som kan vere inspirerande å sjå på for å læra korleis me skal ta i bruk YouTube i litteraturformidlinga. På nettsida står det også at ho er den 4de mest utlånte av vaksen og barnebøker på bibliotek i UK. Ho er den 3dje mest utlånte til barn.

Ho er ein proff forfattar som har vore med i gamet lenge. Me kan også læra av ho korleis ho formidlar, tar barn på alvor og korleis ho brukar multimedia når ho formidlar.

Å høyra på Paul Howard rett etter Francesca Simon burde vore ein nedtur fordi her var det strippa for all staffasje. Det var berre han på talarstolen med eit manus og ein koffert med ost. Dette var ikkje ein nedtur fordi han var ein god forteljar med karisma. Han var ein av to me såg bruka talarstolen. Her var ikkje noko nytt, men det var kanskje det som blei læringa her at me kan alltid gå tilbake å gjere det enkelt. Det fungerer det også.

Gøy å høyra på 3 forfattarar om gongen. Dei hadde eit godt sampel og eg vil tru dei har brukt tida godt på The Green Room.

## Dag 7: Tysdag 23.mai - ILFD


Kl. 10:00 Be the Belle of the ball with Tatyana Feeney (Skuleprogram)

Kl. 13:00 Besøkte biblioteket dlr Lexlcon, Dún Laoghaire, Dublin. Tok toget kl.13:00 og reiste heim ca. 16:00 hoppet av toget og gjekk langs stranda og hoppa på igjen inn til sentrum.

### Observasjon

Kl. 10:00 Be the Belle of the ball with Tatyana Feeney (Skuleprogram)

Å oppleva den forsiktige Tatyana Feeney på scena var herleg. Ho hadde laga ein vakker bok med eit viktig budskap om å kjenne etter kva du liker å gå med og ikkje bry deg om kva andre synast om kleda du har på deg. Forfattaren jobbar som illustratør for andre forfattarar og lagar kort når ho ikkje illustrerer egne bøker.




Denne boka var som skapt for den store skjermen. Til og med innsida av permen av boka tok ho seg tid til å fortelja om. Som ein ser på bilete er det nål, tråd og pynteband. Det illustrerer den verda me skal inn i som er der dei lagar ballkjolar. Mr. Wolf blir så glad i kjole han finn i vindaugget til kjolebutikken. Han kjennar seg så vakker i den heilt til venene seier at han kan ikkje gå i kjole. Han blir så lei seg at han bestemmer seg for ikkje å gå på ball. Korleis det endar veit berre dei som les boka og fekk høyra Tatyana lesa den frå perm-til-perm. Så teiknar ho Mr. Wolf med ballskjørtet. Barna hjelpar å bestemma korleis ballskjørtet skal pyntast. På slutten fekk alle barna utdelt ein blyant og eit teiknebrett med eit ark der me ser Mr. Wolf utan ballskjørtet. Elevane skal pynta skjørtet med pynteband og anna pynt.

Foto under - Tatyana og Kristine snakkar litteratur, mest sannsynleg begge sitt favoritttema.



Kl. 13:00 dlr Lexlcon, Dún Laoghaire, Dublin.

Dún Laoghaire-Rathdown County Library Service | dlr Libraries (dlrcoco.ie)  
Bibliotekplanen: dlr Library Development Plan 2022 - 2026.pdf (dlrcoco.ie)




Me tok toget kl.13:00 til Dún Laoghaire. Å gå mot bibliotekbygningen DLR Lexlcon får deg til å skjønne at dette er eit signalbygg. Bygget sto ferdig i 2015. Det er eit flott uteområde med vakre blomar i beda.

Biblioteket Lexlcon var som å kome inn i eiga verd. Me snakkar om at biblioteka er dei nye litteraturhusa, men det kjennast også nesten som den nye kyrkja. Ikkje fordi det er så religiøst, men det er høgt under taket, stille og vakkert bygg å vere inne i. I motsetning til kyrkjene, så kan me sjå ut på verda.



Når du kjem inn ser ein mykje treverk som gjev ein lun kjensle, men interiøret er likevel offentleg. Dei hadde store arbeidsbord med MAC'er og fleire store skjermar på veggene. Dei hadde plassert nokre store runde blå puffar rundt omkring. Dei var solid og fin å sitja i. Dei hadde tre 3D-printare med ein glassdør med lås. Dei hadde også utlån av syklar.

Biblioteket hadde mellom anna ei hylle med 24 innelåste laptop'er som ein kunne låna. Dei har 60 datamaskiner til låns og 100 studieplassar i bygget. Det var sjølvbetent utlån og henting av bøker. Det var teppe i tredje etasje der den store lesesalen var. Det dempa lyden i det store rommet.





I barneavdelinga var det tregolv. Det var overraskende slitt, men det er kanskje meining i at det skal sjå slik ut.


Både på lesesalen i tredje etasje og på barneavdelinga i andre etasje var det ein fantastisk sjøutsikt. Biletet under er dessverre ikkje godt nok til å formidla den herlege kjensla av luftigheit og at du kunne nesten vore på ein stor båt på sjøen når du såg ut.

Heile bygget hadde ein gjennomført stil der ikkje noko var tilfeldig og fargane hang saman med alt frå farga på puffane, madrassen i seta på barneavdelinga, til teppet på golvet i tredje etasje.

Når me var på barneavdelinga opplevde me at ein frivillig dame satt og las for eit barn. Mora satt der med barnet og dei lytta saman.



Utsikt frå 3 etasje frå lesesalen.



Me reiste heim ca.16:00 og hoppet av toget halvvegs. Frå der gjekk me langs stranda og hoppa på igjen mot slutten inn til sentrum.

## Læringsmål

ILFD: Å få oppleve Tanya og den forsiktige måten ho formidla boka om Mr. Wolf var med på gjere boka enno meir interessant. Å fyrst teikna med ungane før dei får teikna sjølv er lurt. Då får dei ein ide om kva dei kan gjere når dei får arket med Mr. Wolf. Det er fin måte å bearbeida boka med å teikne noko av det som blir fortalt og gjere det til sitt eiga.

Læringsmål knytt til besøket på Lexlcon: Nye tenester som kan vere aktuelle er utlån av laptop og sykkel. Det å ikkje ta purregebyr er ofte diskutert her heima. Det er nokre bibliotek som praktiserer gebyrfritt og det kan bli aktuelt for vårt bibliotek også. Dei virka veldig nøgd med at det ikkje er gebyr lengre.

Den frivillige dama som las for mor og barn var direkte måte å formidla litteratur på. Det kan vere vanskeleg å finna ei bok til barnet fordi det er så mange bøker å velja mellom. Då kan det vere greit at ein vaksen kan finna bøker for deg og til og med lesa dei for deg og barnet ditt.

På nettsida til Lexlcon finn du ein litteraturpodcast og andre online tilbod som avis, magasin, språkopplæring, forskjellige online kurs, musikk og film.

# Dag 8: Onsdag 24.mai – ILFD

13:00 Yoga in the Park with The Space Between

20:15 Late Lyrics: Nick Laird & Zaffar Kunial

## Observasjon

13:00 Yoga in the Park with The Space Between



Etter å ha fylt hovudet med mykje litteratur og opplevingar var det ei god kjensle å få gjere yoga i parken. Me fekk låna matter. Det beste var å få vere ute i frisk luft når ein gjekk gjennom øvingane. Instruktøren hadde mygg(mikrofon) som var bra fordi lyden ute har lett for å forsvinne i lyden av biler, fuglar og folk som snakkar. Det var yoga kvar dag, men me tok berre denne yogatimen.

20:15 Late Lyrics: Nick Laird & Zaffar Kunial

Det var så herleg å høyra på dei to poetane Nick Laird og Zaffar Kunial. Å høyra dikta til Nick med irsk aksent var som å høyra eit musikkstykke som du elsker. Han hadde nettopp mista faren sin i pandemien og det gjorde inntrykk å høyra Nick si oppleving. Zaffar las også, men han hadde meir ein form for leik med ord og rytme.



## Læringsmål

Yoga på biblioteket ser eg mange har i Norge også. Det hadde vore kjekt å hatt yoga utanfor Sveio folkebibliotek i frisk luft. Då burde me kanskje hatt eit telt i tilfelle regn. Me hadde kanskje fått nokon som aldri har gått på biblioteket og vil då bli eksponert fordi arrangementet er rett ved biblioteket. Det kan også vere ein plass me kan reklamera for arrangement som kjem på slutten av yogatimen.

Poesiopplesing med fleire poetar kan gjere at me får dobbelt opp med publikum om dei har kvar sine fans. Kanskje vil dei som likar den eine forfattaren få auga opp for den dei ikkje kom for å sjå.

# Dag 9: Torsdag 25. mai – ILFD og heimreisa

Kl. 11:00 Finding Blackbeard's Treasure with Iszi Lawrence (Skuleprogram)

Kl. 11:30 Lucy Kelly-Desmond' Light in the Dark (Skuleprogram)

Kl. 12:00 2023 Dublin Literary Award Ceremony.

Kl. 19:00 Fly frå Dublin direkte til Bergen(kl. 21:45).

## Observasjon



Kl. 11:00 Finding Blackbeard's Treasure with Iszi Lawrence (Skuleprogram)

Iszi Lawrence var ein av dei siste forfattarane me fekk me oss. Då skjønte me at me skulle vore der til over helga for å få med oss heile festivalen. Det var som om det var no festivalen



nådde sitt crescendo. Her var det armar og bein når ho snakka på innpust og utpust.


Det var fascinerande å høyra om piratane som ikkje berre var fiksjon, men hadde rot i verkelegheita i 1717. Me følgjer hovudpersonen jenta Abigail. Faren til Abigail blir drept av piratar og ho søker hemn. På ferda møter ho guten Boucbacar som er slave. Ein gutt ho ikkje har lov å bli ven med. Det stoppar ikkje dei frå å bli vener og allierte mot piratane.

Etter prisutdelinga av den gjeve prisen til ILFD, fekk me mingle med Iszi og då fortel ho at ho bl.a. lagar podcast. Ho har laga bl.a. podcastar for British Museum, podcasten «Your Place Or Mine» og podcasten Terrible Lizards. Det er tydeleg at ho er interessert i historie.

### 11:00 Lucy Kelly Desmond - The house, the Start and the Road. (Skuleprogram)

Nydelege illustrasjonar med vare tekstar som fortel historia om ein gutt som får læra om kor han kjem frå. Kristine blei henta inn i full fart på dette arrangementet fordi dei trengte ein fotograf frå sosiale media teamet. Det var forfattaren som trengte bilete til redaktøren sin. Ho var veldig takknemlig og ho sendte ein takk i etterkant.

Ho brukte eit vanleg TV i bakgrunnen og ein stor bok kor ho viste illustrasjonane sine ifrå, og ungane fekk løyse oppgåver.



### Kl. 12:00 2023 Dublin Literary Award Ceremony.


Me kom på slutten og fekk mingle med nokre av forfattarane. Fekk snakka med Iszy Lawrence. Bl. a. at ho laga podcast og var komikar i tillegg til å skriva bøker.

Vinnaren av den store prisen blei Katja Oskamp for boka «Mon Amour».

Om boka (tatt frå nettsida til ILFD):

A woman approaching the 'invisible years' of middle age abandons her failing writing career to retrain as a

DUBLIN  
LITERARY  
AWARD 2023  
WINNER



**Marzahn,**  
**Mon Amour**  
Katja Oskamp

Translated by  
Jo Heinrich

Nominated by  
Stadtbüchereien  
Düsseldorf, Germany



chiropracist in the East Berlin suburb of Marzahn, once the GDR's largest prefabricated housing estate. From her intimate vantage point at the foot of the clinic chair, she observes her clients and co-workers, listening to their stories with empathy and curiosity. Part memoir, part collective history, Katja Oskamp's love letter to the inhabitants of Marzahn is a tender reflection on life's progression and our ability to forge connections in the unlikeliest of places. Each person's story stands alone as a beautifully crafted vignette, but together they form a portrait of a community.

Til høgre: me «minglar» etter prisutdelinga.  
Anitha og Iszi Lawrence.

## Læringsmål

Iszi Lawrence var eit fyrverkeri på scena der ho brukte seg sjølv med å bevege seg på scena, skjerma i bakgrunnen og flippover å teikna det ho fortalte om. Ho snakka direkte til ungane og spurte publikum undervegs heile tida. Dette får ungane engasjerte. Å få mingla med ho på prisutdelinga fekk me vite meir om ho. Som at ho lagar podcast. Det å formidla kunnskap frå museumssamlinga til British museum er ein måte å nå folk som ikkje har høve til å reisa til museet. På same måte som den andre podcasten ho var med på der dei ikkje reiser sjølv, men inviterer gjester som skal overtale Shaun Keaveny og Iszi Lawrence til å reisa til deira favorittdestinasjon. Hadde vore morosamt å laga podcast der me snakkar om reiselitteratur og får lokale kjendisar til å sei noko om deira favorittdestinasjon er.



# Avslutning



**Kl. 19:00 Fly frå Dublin direkte til Bergen (kl. 21:45).**

Full av energi og mange opplevingar snur me snuta heimover til vestlandet. Vemodig å forlata dette internasjonale litterære universet me hadde fått vere ein del av i ei veke.

Denne turen har vore lærerik på mange nivå. Som kollegaer har Anitha og eg blitt betre kjent. Saman har me blitt litt betre kjent med den internasjonale litteraturverda. Me har sjølv sagt også blitt betre kjent med Dublin sine bibliotek og forfattarar.

Me har fått observert det me var på jakt etter og meir til. Læringsmåla er også oppnådd. Det som står igjen er om me omsett dette til praksis. Når eg skriv no, så har me satt igong film for barn 2 gongar i veka i sommar. Det kjem filmkveld for vaksne også.

Ny teknologi som stor skjerm på scena, Lykkejegerane som hadde høyreklokkar på seg saman kan vere ein ny måte å ha forteljarstund.

Me fekk oppleve nye måtar å formidla litteratur og andre typar arrangement. Berre det at alt føregjekk ute i byen, i ein park og langt vekk frå eit tradisjonelt bibliotek kan vere noko som me må prøva ut oftare.

Nye tenester som yoga, teikning, tarotlesing, lykkejakt, diktlaging, filmklubb, litteratur-tur og lesesoner ute er berre nokon av ideane me kan ta med oss i vidare arbeid med å få litteratur ut til folket.

Det som har vore imponerande er dei dyktige forfattarane som er proffe formidlarar. Dei inspirerte oss til å ta i bruk både bilete, musikk og engasjement inn i formidlinga. Det var mange formidlingsgrep som å bevega seg rundt publikum, spørja gode spørsmål undervegs, la publikum kome til orde på slutten og god timing på bilete i bakgrunnen når ein les. Med mykje humor og tøysing får du publikum med deg. Det ligg likevel mykje læring gjennom all humoren. Korleis både piratar, heksar og vikingar levde har me fått med oss.

Ved å vere fysisk eit anna sted enn på biblioteket vil du oppnå å nå nye målgrupper. Variasjonen i type arrangement gjer at det er noko for ein kvar.

ILFD har samarbeida med eit nettverk av folk som har støtta dei økonomisk, frivillige som har jobba og ein heil verden av forfattarar og andre som har delteke på arrangement under festivalen.

## Vedlegg

Siste e-post frå ILFD(som går ut til dei som meldar seg på nyheitsbrevet):

Thank you!

We can't believe ILFD23 is over! With our biggest programme to date, fantastic guests, and truly phenomenal weather, it's one we won't forget anytime soon. Thank you to all of you who joined us in person in Merrion Square Park and online for making this such a lively and lovely event.

We know there's always room for improvement, so we would love to hear from you! Click the button below to take our festival survey and let us know what you thought about your festival experience so we can make next year's even better.

Take the Survey

Plus, we've organised some fantastic prizes to say thank you for sharing your thoughts!

☆ THREE lucky winners will be selected to receive a mystery five-book bundle from our friends at Dublin Literary Award

☆ TWO luck winners will be selected to receive a €25.00 gift voucher to Dubray books

☆ ONE lucky winner will be selected to receive a €50.00 gift voucher to Dubray books

These prizes are only available for residents in Ireland, so make sure you include your email address and your country of residence when completing the survey.

## About Iszi Lawrence



Iszi Lawrence (@iszi\_lawrence) is a writer, comedian, podcaster and History presenter. Credits include Sky History U-boat: Wargamers, Netflix The Lost Pirate Kingdom, co-host of BBC Radio 4's flag ship show, Making History with Tom Holland, Your Place or Mine with Shaun Keaveny (BBC R4 and Sounds), The British Museum Membercast and popular science podcast Terrible Lizards with Dr Dave Hone.

She has performed bespoke History shows at events for The British Science Festival, Dulwich Picture Gallery, The British Museum, Royal Society, Ashmolean Museum etc. She has spoken at numerous events and has hosted the Conway Hall Ethical Gala and The Museum and Heritage Awards 2022.

TV Credits also include Yesterday Channel's Great British Landmark Fixers, The Royals in Colour (World Media Rights) Murderous History (Smithsonian Channel), Ancient Apocalypse (ZDF).

She was part of the Perrier Award Winning Best Newcomer show in 2004 and regularly performs stand up comedy around Europe on the comedy circuit. She has written for BBC Radio 4, BBC Radio Xtra, BBC Radio 1 and Resonance FM. She has also written for the Guardian

Iszi is an author of historical fiction for children. The Unstoppable Letty Pegg (Bloomsbury) was published in 2020 and Billie Swift Takes Flight (Bloomsbury) came out September 2021. Blackbeard's Treasure was Blackwell's Children's Book of the month (Jan 2023). Her latest series of books The Time Machine Next Door will be released in April 2023.

## Your Place Or Mine

<https://www.bbc.co.uk/programmes/p0c142b0>



Your Place Or Mine is the travel podcast that isn't going anywhere - not until guests can convince Shaun Keaveny it's worth getting off the sofa for. Each week a familiar face will try to persuade Shaun and resident geographer, historian and comedian Iszi Lawrence that jetting off to their favourite destination is worth the hassle.

Across the series listeners will be able to figuratively globe-trot to a new destination, as guests share a personal guide to their favourite place on the planet. Iszi will be on hand to check out the facts during the podcast's metaphorical tour of its visitors' much-loved locations.

With all the missed travel these past two years, Your Place Or Mine will explore whether getting back on a plane is too much for our wallets and limited carbon budgets, or if seeing the world and experiencing global cultures is something we can't afford to miss.

Your Place or Mine is a BBC Audio production for BBC Radio 4 and BBC Sounds.

Producers: Proinsias O'Coinn and Jen Whyntie

Terrible Lizards ([libsyn.com](http://libsyn.com))

Terrible lizards is a podcast about dinosaurs with Dr David Hone and Iszi Lawrence.

It has been going for eight series and is regularly in the top five natural history podcast charts. Focusing not only on what we know, but how we know what we know, Terrible Lizards brings cutting edge paleontology to life.

Both Iszi and Dave made friends over fifteen years ago but had lost touch... thanks to a chance meeting at a rather good Christmas Party in 2019 they were reunited. In 2020 the world felt like it was ending, dinosaurs and extinction was the perfect subject to cover in a podcast.

You can find us on Apple Podcasts and Spotify . Please support the show on Patreon. You can send us your drawings on Facebook or you can email the show with the address given at the end of each episode.

The British Museum Membercast | British Museum

British Museum Untold

Coming soon, British Museum Untold is a new podcast series exploring the work that

goes on behind the scenes at the British Museum and around the world. Join Iszi Lawrence and Curator Dr Julia Farley as they unearth the extraordinary stories behind the objects. Listen to episode one Handle with care: conserving Beirut's shattered glass.

Iszi is both the presenter and part of the production team for the Official British Museum Membercast which explores the exclusive member's events including lectures and sleepovers. She interviews world experts in the fields of Archaeology, History, Science and Conservation.

